



**SIGER:** Advokat Marius Træland representerte tre midlertidig tilsette på sentrallageret til Brødrene Dahl. Dei vant nyleg fram i retten med krav om faste stillingar.

Midlertidig tilsette lagerarbeidarar vann fram i retten:

# Kravde fast jobb

## FAST STILLING:

Yrkestrafikkforbundet er glad Oslo tingrett set foten ned for overdriven bruk av innleigd arbeidskraft i lagerbransjen.

## ARBEIDSLIV

Av Nora Rydne (tekst) og Siv Dolmen (foto)

Tre unge lagerarbeidarar vann fram i Oslo tingrett mot VVS-grossisten Brødrene Dahl, som i lang tid leigde dei inn for kortvarige oppdrag gjennom eit bemanningsbyrå.

Oslo tingrett konkluderte tidleg i mai med at dei tre arbeidarane hadde krav på fast tilsetjing, og dei fekk ein samla erstatning på 700.000 kro-

## FAKTA

### Fast tilsetjing:

- Skal vere hovudregelen ved tilsetjing, ifølgje arbeidsmiljølova.
- Midlertidige tilsetjingar kan likevel vere tillate ved enkelte tilfelle, som viss arbeidet er av midlertidig karakter, eller ein arbeider i staden for andre.
- Ein midlertidig arbeidsavtale kan ikkje overskride eit tidsrom på tolv månader.
- Arbeidsgjevar er pålagt å diskutere bruk av midlertidig arbeidskraft og konsekvensar av dette med tillitsvalde ein gong i året.

ner. To av dei vil halde fram i Brødrene Dahl i fast stilling, medan ein har fått anna jobb.

– Bedrifta hadde eit fast behov for arbeidskraft som desse arbeidarane fylte på midlertidige kontraktar. Då hadde dei klart krav på fast tilsetjing, seier advokatfullmekting Marius Træland i Yrkestrafikkforbundet (YTF).

I tilfellet ved Brødrene Dahl avdekkja YTF at talet

vikarar i bedrifta var fyre gongar høgare enn dei vikarane vikarierte for.

Træland meiner lagerbransjen i for stor grad nyttar seg av innleigd arbeidskraft og at denne saka langt ifrå er unik.

– **Høy innleigebruk er norma snarare enn unnatak. Vi er veldig nøgd med at det vert prøvd i retten og konkludert med at ein så stor bruk av innleige ikkje er lagleg, seier han.**

Ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå var 241 000 arbeidstakarar midlertidig tilsette i 2016. Av desse oppgav 145.000 at dei ønskjer fast stilling.

– Det syner at ufrivillig innleige er eit stort problem. Å vinne ein rettsak er ikkje nok, det må verte jobba med å få bedriftene til å auke grunnbemanninga med faste tilsette, seier Træland.

### Høg risiko

– Det er truleg mange fleire som ville vunne fram med krav om fast tilsetjing om dei prøvde saka si for retten, fortel Træland og legg til at YTF vil jobbe vidare med å få bukt med problemet.

Det er utfordrande arbeid fordi få midlertidig tilsette er organisert og fagforeiningane ikkje lenger har høve til å reise kollektive søksmål. Træland meiner det kan vere vanskeleg for den enkelte arbeidar å vurdere kva tilsettingsforhold som er lagleg og ikkje. Dei nyttar i dag nær kontakt med tillitsvalde i bedriftene til å jobbe for fleire faste tilsetingar.

– Det er mykje skjønn inne i biletet, og det vert eit tolkingsspørsmål om kven som har rett i saker som dreier seg om tilsettingsforhold, seier han.

Viss ein enkeltperson skal gå til sak mot arbeidsgjevar aleine og tapar, vil han måtte betale sakskostnadane sjølv. Saka som vert ført på vegner av dei tre arbeidarane ved sentrallageret til Brødrene Dahl, hadde ei samla kostnad på over 500.000.

– Det er ein alt for stor risiko å ta for ein midlertidig tilsett, seier Træland.

### Overraska av dom

Trass i dommen i tingretten, meiner ikkje direktør for Brø-

drene Dahl sitt sentrallager, Ingar Bystrøm, bedrifta har eit problem med innleigepraksis.

Han vart overraska over at dei tapte saka. Bedrifta vurderte å anke saka, men lét det vere av omsyn til bedrifta og dei tre tilsette.

– **Det er synd, for no må vi rette oss etter dommen og skjerpe innleigepraksisen, sjølv om vi ikkje ser at den fungerer dårleg. Vi tilsett mange som elles ville stått utanfor arbeidsmarknaden, og mange av vikarane våre vert tilsett fast, seier Bystrøm.**

Han forklarar at bedrifta har behov for å leige inn arbeidskraft på grunn av svingingar i etterspørsel i produksjonen og når tilsette er sjuke-melde eller i permisjon.

– *Likevel har de hatt fire gonger så mange vikarar som folk de trengde vikarar for?*

– Eg veit at motparten la fram den statistikken som eit hjelpedokument utan at vi var førebudde på det. Vi kjenner ikkje igjen tala i den statistikken, seier Bystrøm.